

# Oppsummering innspel- planoppstart

<b>Plannamn</b>	Bergomsvegen 17 – Nilsbue Lom
<b>Plan-ID (Lom kommune)</b>	34340002
<b>Saksnummer (Nordplan)</b>	19235
<b>Utarbeidd av</b>	Nordplan AS
<b>Datert/revidert</b>	27.08.2020

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i avis og på kommunen si heimeside. I tillegg er grunneigarar og offentlege etatar tilskrivne. Frist for uttale var sett til **10.juli 2020**. Det var samtidig gitt utsett frist til Riksantikvaren og Innlandet Fylkeskommune til **20.august 2020**. Det er kome inn **5** innspel. Hovudinnhald og vår vurdering av innspela er summert slik:

	<b>Dato/avsender/gbnr</b>	<b>Oppsummert innspel</b>	<b>Nordplan sin kommentar</b>
1	09.06.2020 <b>Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)</b> v/Kristin Hasle Haslestad	<p>NVE gjev generelle innspel som særleg angår deira ansvarsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Flaum, erosjon, skred og overvatn</li> <li>• Vassdrag- og grunnvasstiltak</li> <li>• Energianlegg</li> </ul> <p>Informerer samtidig at NVE gjev råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor deira saksområde skal tas omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova.</p>	NVE sine generelle innspel tas til etterretning.
2	07.07.2020 <b>Fylkesmannen i Innlandet (FM)</b> v/Olav Malmedal	<p>FM informerer om at dersom kommunedelplan for Fossbergom ikkje vert vedtatt før gjeldande kommuneplan, vil reguleringsplanen ikkje være i samsvar med overordna plan, og krav om konsekvensutgreiing vert gjeldande jamfør KU-forskrifta.</p> <p><b>Barn og unge</b> Understrekar viktigheta av å inkludere barn og unge sine interesser i planlegginga, og at konsekvensar for disse gruppene skal vurderast i alle plan- og byggesaker. Dette gjelder særleg ved fortetting, og omsyn til nødvendig areal for uterom og grøntareal, samt krav om kvalitet m.m.</p> <p>Viser samtidig til rikspolitisk retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga.</p> <p><b>Støy</b> FM opplyser om at ein vesentleg del av planområdet ligg i gul, delvis raud sone, og synar til føringar i støyretningslinje T-1442/2016.</p> <p>Om det er planlagt støyfølsam bruksformål i støysonene må det utarbeidast støyanalyse for tiltaket, som bl.a. gjev tilrådingar om tilpassingar og tiltak i reguleringsplanen. Nødvendig tiltak må innarbeidast i plankart og føresegner.</p>	Tas til etterretning.  Tas til etterretning.  Det er planlagt støyfølsam bruksformål, og berekning av utandørs støy er under utarbeiding.

		<p><b>Vassdrag og landskap</b> Tiltaket grensar til det varige verna Bøvre-vassdraget (VP IV), og FM forventar at det nye tiltaket tilpassar seg vassdragsbilete og kringliggjande bygningar, samt opprettheld dagens situasjon for sona mot vassdraget.</p> <p><b>Energi</b> FM forventar at ein ved utbygging vurdera energiløsingar, samt samla energibruk i planlagd bygningsmasse, med vekt på mogleg utnytting av bioenergi, optimal energibruk og redusert utslepp.</p> <p>Viser elles til føringar i kommunens gjeldande kommunedelplan for klima og energi, og Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.</p> <p><b>Naturmangfald</b> Det er registrert ei raudlista planteart i 2010, få meter frå planområdet. Registreringa gjeld plantearten hengepiggrø, som er kategorisert som NT (nært trua).</p> <p>FM er usikker på nøyaktigheita av registreringa, men ventar at dette vert vurdert etter §8-12 i naturmangfaldlova.</p> <p><b>Samfunnstryggleik og beredskap</b> Samfunnstryggleiks- og beredskapsmessige forhold skal takast hand om i reguleringsplanen på grunnlag av vurderingar og ROS-analyse. Kommunen må sjå til at planområdet er tilstrekkeleg sikra mot fare eller vesentleg ulempe.</p> <p>Viser elles til krav til samfunnstryggleik og beredskap jamfør PBL, KMD sitt rundskriv H-5/18-Samfunnsikkerheit i planlegging og byggesakshandsaming, samt DSB rettleiar Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging (2018).</p> <p><b>Reguleringsplankart i Innlandsgis</b> Fylkeskommunen føresett at plankartet blir lagt inn i kommunens kartløsing seinast når planen vert sendt på høyring.</p>	Tas til etterretning.  Tas til etterretning.  Tas til etterretning. Kunnskapen og vurderingar vert gjort i medhald av naturmangfaldlova.  Tas til etterretning. Det vert utført ROS-analyse og vurderingar i planarbeidet.  Tas til etterretning.
3	07.07.2020 <b>Statens Vegvesen (SVV)</b>  v/Astrid Kristiansen	<p>SVV har innspel til planarbeidet som omhandlar planområdet, byggegrense, avkjørsle, parkering og støy.</p> <p><b>Planområdet</b> Arealbruk samsvarar ikkje med gjeldande kommunedelplan, men er i samsvar med forslag til revidert kommunedelplan som er på høyring.</p> <p><b>Byggegrense langs riksveg 15</b> Riksveg 15 er nasjonal hovudveg med streng haldning til nye tiltak langs vegen. Det er fastlagt byggegrense 12,5 m frå vegens midtlinje i gjeldande reguleringsplan (Ulstad-Øy). Det er viktig å halde på denne byggegrensa, som også omfattar parkering, gjerde, murar mv.</p>	Tas til etterretning.

		<p>Område nærmest riksvegen er sikkerheitssone, som utifra trafikkmengd og fartsgrense i dette området er 4 m fra vegkanten (kvit stripe). Innanfor denne sona er det ikkje tillate med innretningar som kan vera trafikkfarlege.</p> <p><b>Avkørsler og parkering i planområdet</b> I gjeldande reguleringsplan er det vist to avkørslar, og SVV vil gå imot bruk av avkørselen som ligg på vestsida inntil bru over Bøvre. Dette då avkørselen ikkje tilfredstiller dagens krav til sikt, og vil bli stengd i ny reguleringsplan.</p> <p>Ein må samtidig gjere ei vurdering av behov for parkering utifra kva slags formål og verksemder ein ynskjer i planområdet. Må være i tråd med gjeldande kommunedelplan.</p> <p><b>Støy</b> Noko av planområdet ligg i raud sone, og ein større del i gul støysonen.</p> <p>Det må utførast ei støyfagleg utgreiing som ser på ev. tiltak som må gjerast i samsvar med T1442 (2016).</p>	Tas til etterretning.
4	<p>10.07.2020 <b>Innlandet Fylkeskommune (FK)</b> v/Thea Sørensen</p> <p>20.08.2020 <b>Innlandet Fylkeskommune (FK)</b> v/Kristin Ryen Reithaug, Kristin Loe Kjelstad</p>	<p>I bakgrunn av at prosjektet rører ved landskapet kring Lom stavkyrkje som er eit automatisk freda kulturminne som Riksantikvaren er forvaltningsmyndighet for ynskjer Fylkeskommunen å vente på handsaming av saken til Riksantikvarens utale er gitt.</p> <p>Grunna ferieavvikling og redusert kapasitet har ikkje Riksantikvaren moglegheit til å komme med utale innan gitt frist, og Fylkeskommunen ber derfor om utsett frist til 20.august 2020.</p> <hr/> <p><b>Forhold til overordna plan</b> Fylkeskommunen kan godkjenne at det ikkje utarbeidast KU med føresetnad av at kommunedelplanen vert vedtatt før reguleringsplanen blir vedtatt.</p> <p><b>Medverknad</b> FK minner om aktiv medverknad og informasjon i planprosessen, og at planomtalet gjer greie for korleis medverknad er tenkt løyst, særleg med omsyn til grupper som krevjar spesielle tilrettelegging, eks. barn og unge.</p> <p><b>Barn og unge</b> FK synar til rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga, deriblant sikring mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare, samt uteopphaldsareal/leikeareal.</p> <p><b>Trafikksikkerheit</b> FK forventar at trafikksikkerheit er eit sentralt tema i arbeidet med KDP for Fossbergom, og derfor viktig at denne planen vert vedtatt før reguleringsplanen. Nilsbue ligg ut mot rundkjøring i Fossbergom og er derfor utsett for trafikk frå gående, syklande og</p>	<p>Det var i utgangspunktet tenkt avsett parkering for bebur og uteareal på vestsida, men ein vurderer etter innspeil frå SVV å gå vekk ifrå dette.</p> <p>Det vert gjort ei vurdering i høve behovet for parkeringsplassar i tråd med formål og verksemder osv.</p> <p>Tas til etterretning. Det vert utført støyfagleg vurdering i samsvar med T1442.</p> <p>Det vart gitt utsett svarfrist til 20.august 2020.</p> <p>Ein føreset at planen blir vedtatt etter at kommunedelplanen er vedtatt, og dermed samsvarar med denne.</p> <p>Tas til etterretning.</p> <p>Tas til etterretning.</p>

	<p>køyrande, som krevjar god planlegging og trafikksikkerheitstiltak, samt løysing for parkering.</p> <p><b>Kulturminne</b></p> <p><u>Automatisk freda kulturminne</u> FK er ikkje kjend med automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, og ser på potensiale for funn som låg, og det er dermed ikkje behov for å gjennomføre kulturmunneregistreringar i planområdet.</p> <p>Om det i samband med tiltak i marka oppdagast automatisk freda kulturminne som ikkje er kjend, skal arbeidet stansast og sikrast, og FK kontaktast jamfør kulturminnelova.</p> <p><u>Landskapet kring Lom stavkyrkje</u> Planområdet ligg sentralt i Lom sentrum ved elva Bøvra med open siktelinje mot nordvest til Lom stavkyrkje og middelaldergården, og vedlagt teikningar synar ei relativ stor nybygg/tilbygg med store glassflater som vil ligge midt i siktelinja frå stavkyrkja, og etter FK vurdering kunne gje ei uheldig og dominerande fjernverknad i landskapet omkring stavkyrkja.</p> <p>FK viser vidare til uttale frå Riksantikvaren, og ber om at det i det vidare planarbeidet leggast vekt på at ny busetnad får ei meir dempa utforming for å unngå at tiltaket gjev ein uheldig verknad for stavkyrkjas omgjevnadar, og at det også leggast vekt på å få ein god tilpassing til anna busetnad i området. Det bør gjerast ei nøyde vurdering både av størrelse på bygningsvolum og korleis fasadane skal utformast.</p> <p><b>Vassdrag</b> Bøvre er eit verna vassdrag, og det er i dag ei smal sone mot vassdraget som er urørt. Det er generelt god tilgang til elva i Fossbergom, medan område nedanfor Nilsbu ikkje er tilgjengeleg.</p> <p>Ifølgje planinitiativet vil ikkje planlagt tiltak ha konsekvens for vassdraget, og i KDL for Fossberg som er på høyring er området mot elva avsett som grønnstruktur, og FK meinar at dette må vidareførast i ny reguleringsplan, og at det vert knytt føresegns til arealformål som sikrar at kantvegetasjon og vassdraget vert ivaretatt.</p> <p>FK forventar elles at ny bygningsmasse tilpassast seg forhaldet til elva og dem omkringliggjande bygningsmasse på ein god og gjennomført måte.</p> <p><b>Universell utforming</b> FK synar til §12-7 punkt 4 i PBL som gjev kommunen/forslagsstilla moglegheit til å gje føresegns i reguleringsplan om funksjons- og kvalitetskrav til bl.a. busetnad og uteareal.</p> <p>FK understrekar også viktigheita av å bygge universelt i sentrumsområde og ber om at det vert lagt inn eit eige punkt om dette i føresegna. Dette</p>	<p>Tas til etterretning.</p> <p>Tas til etterretning.</p> <p>Tas til etterretning. Sjå elles kommentar til Riksantikvaren under.</p> <p>Ein føreset å regulere eit grøntområde mot elva Bøvre som samsvarar med KDL for Fossbergom.</p>
--	--	---

		<p>gjelder også bustadar i sentrum, og forventar at ein del av disse vert utbygd universelt for å møte behovet som dei demografiske framskrivingane tilseier, og at dette utdjupast nærmare i planarbeidet.</p> <p>Planarbeidet bør også omfatte vurderingar i forhold til universell utforming og tilgjengeleight for alle, og utfyllande reglar for å sikre universell tilgjengeleight for bustadar, uteareal m.m. bør tas med i føresegns ihht reglar i TEK 17 §8-2 og Miljøverndepartementets rundskriv <i>Tilgjengelighet for alle</i>.</p> <p><b>Samferdselsfagleg forhold</b> FK har ingen merknadar knytt til dette.</p>	Tas til etterretning. Aktuelle føresegns om universell utforming vert tatt med i reguleringsplanens føresegns.
5	<p>19.08.2020 <b>Riksantikvaren (RA)</b> v/Ingeborg Magerøy</p>	<p>Riksantikvaren synar til Fylkeskommunens delegerte ansvar som kulturminnestyresmakt, og ber om at følgjande merknad vert tatt innarbeidd i FK sinn uttale:</p> <p>Riksantikvaren gjev med dette si uttale om det forvaltningsområde som er Riksantikvaren sitt fyrstelinjeansvar, som i dette høvet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Lom stavkyrkje frå mellomalderen, automatisk freda i medhald av lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 (kml.), § 4, fyrste ledd, pkt. a.</li> </ul> <p>Ved tiltak i omgjevnadene til automatisk freda kulturminne skal det i medhald av kml. § 3 vurderast om tiltaket vil utilbørleg skjemme kulturminna og om det i så fall kan bli gjeve dispensasjon i medhald av kml. § 8 fjerde ledd for å gjennomføre tiltaket og eventuelle vilkår for dispensasjonen. Riksantikvaren er rette styresmakt når det gjeld automatisk freda kyrkjer.</p> <p>Ved all planlegging av tiltak i omgjevnadene til kyrkja skal ein ta omsyn til plasseringa til kyrkja og verknaden i landskapet. Opplevinga på kyrkjestaden skal og vernast ved å unngå etablering av visuelt støyande element i nærleiken.</p> <p>Slik Riksantikvaren les dei førebelse teikningane i planinitiativet som ligg ved varselet, er det planar om eit stort nybygg som kjem dels som erstatning, dels som tillegg til dei eksisterande bygga på tomta. Bygget er synt med store horisontale vindaugeband i to og tre etasjar rett mot stavkyrkja. Store glasflater har ein dominante fjernverknad og kan ofte bli forstyrrende element i sårbare og verneverdige miljø. Verknaden for stavkyrkja kan bli negativ, og Riksantikvaren vil motsette seg ei slik fasadeutforming. Det store volumet på bygget er og problematisk. Vi bed om at planane vert utvikla vidare på ein slik måte at prosjektet får ein meir dempa verknad mot stavkyrkja.</p>	Tas til etterretning. Det vert utført ei vidare vurdering av utforming i høve RA og FK sinn uttale om byggets fjernverknad på Lom stavkyrkje. Det er aktuelt med konkrete føresegns og krav til arkitektonisk kvalitet i ny reg.plan.



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 09.06.2020

Vår ref.: 202006115-2

Arkiv: 323

Deres dato: 05.06.2020

Deres ref.:

Saksbehandler:

Kristin Hasle Haslestad

## NVEs generelle innspill ved varsel om oppstart - Detaljreguleringsplan for Nilsbue - PlanID 34340002 - Lom kommune, Innlandet

Vi viser til varsel om oppstart datert 05.06.2020.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndighet med innsigelseskompetanse innenfor saksområdene flom-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og veiledning om hvordan nasjonale og vesentlige regionale interesser innen disse saksområdene skal tas hensyn til ved utarbeiding av arealplaner etter plan- og bygningsloven. Forslagstiller har ansvar for at disse interessene blir vurdert i planarbeidet.

### *Flom, erosjon, skred og overvann*

God arealplanlegging er det viktigste virkemiddelet for å forebygge skader fra flom, overvann, erosjon og skred. Pågående klimaendringer vil øke risikoen for disse faretypene. Plan- og bygningsloven og byggteknisk forskrift (TEK17) setter tydelige krav til sikkerhet mot flom, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte være behov for en detaljert fagkyndig utredning av faren.

Utbygging i nedbørfeltet gir økt andel tette flater. Dette bidrar til raskere avrenning og større mengder vann på terrengoverflaten. Økningen kan føre til oversvømmelser i byggeområdene og flom i vassdragene. Det er viktig å være oppmerksom på at ny utbygging også kan blokkere avrenningen ovenfra, som igjen kan føre til skader på selve bygget eller lede overvannet i uønsket retning. Dersom omgivelsene og/eller resipienten ikke har kapasitet til å ta imot økt avrenning, må det planlegges kompenserende tiltak i nedbørfeltet. Klimaendringenes påvirkning på avrenningen i byggeområdene må avklares. Dette må gjøres tidlig i planprosessen slik at det blir satt av tilstrekkelig areal før bygninger og infrastruktur planlegges. Se ellers informasjon om overvann på [www.nve.no/hydrologi/urbanhydrologi](http://www.nve.no/hydrologi/urbanhydrologi).

### *Vassdrag- og grunnvannstiltak*

Det er store allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann. Tiltak som kan medføre skader eller ulykker for allmenne interesser, kan utløse konsesjonsplikt etter vannressursloven. Hvis det er behov for

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

#### Hovedkontor

Middelthuns gate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

#### Region Midt-Norge

Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

#### Region Nord

Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

#### Region Sør

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

#### Region Vest

Naustdalsvegen, 1B  
6800 FØRDE

#### Region Øst

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

at NVE gjør en konsesjonspliktvurdering av vassdragstiltak i planen, så ber vi om at dette kommer klart frem av oversendelsesbrev. NVE kan avgjøre at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivaretatt i planen.

### *Energianlegg*

Et velfungerende system for produksjon og overføring av energi er avgjørende for samfunnet. Planen må derfor ta hensyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgivningen. Hvis planen kommer i berøring med energiinteresser, bør berørte energiselskap involveres tidlig.

### **Ved oppstart av planarbeidet anbefaler vi å bruke følgende veiledere og verktøy:**

- [NVEs karttjenester](#) viser informasjon om flom- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVEs veileder 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#) beskriver hvordan interessene bør ivaretas i planen, slik at en unngår innsigelse.
- [NVEs retningslinje 2/2011 Flom- og skredfare i arealplanar](#) beskriver hvilke flom- og skredprosesser som kan utgjøre fare, og hvordan disse farene bør utredes og innarbeides i planen.
- [NVEs sjekkliste for reguleringsplan](#) er et nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområder er vurdert og godt nok dokumentert.
- [www.miljokommune.no](#) gir nyttige tips om overvannshåndtering i arealplanlegging.
- Klimaprofilene  
<https://klimaservicesenter.no/faces/mobile/article.xhtml?uri=klimaservicesenteret/klimaprofiler>
- Statlig planretningslinje klimatilpasning <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-09-28-1469>
- For vurdering av overvann kan også følgende publikasjoner fra Norsk Vann være aktuelle. Norsk Vanns veileder A162 – «*Veileding i klimatilpasset overvannshåndtering*» og Norsk Vanns rapport B22 - «*Vann og avløp i arealplanlegging og bygggesaksbehandling*», <https://www.norskvann.no/index.php/kompetanse/va-bokhandelen>.
- Flere nyttige veiledere og verktøy finnes på [www.nve.no/arealplan](#).

Dersom planen berører NVEs saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn.

NVE legger til grunn at kommunen vurderer om planen ivaretar nasjonale og vesentlige regionale interesser. I plandokumentene må det gå tydelig fram hvordan de ulike interessene er vurdert og innarbeidet i planen. Alle relevante fagutredninger innen NVEs saksområder må være vedlagt. Vi ber om at alle plandokumenter sendes elektronisk til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

NVE vil prioritere å gi innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. Dette fremgår av [brev til kommunene 29.09.2017 om NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen](#). Vi ber derfor om at det skrives tydelig i oversendelsesbrevet til NVE hva en eventuelt ønsker konkret bistand til i den enkelte saken.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområder.



Med hilsen

Toril Hofshagen  
regionsjef

Kristin Hasle Haslestad  
senioringeniør

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*

Vedlegg:

Mottakerliste:

NORCONSULT AS AVD OTTA  
Nordplan AS - Vågå v/Øyvind Sødal

Kopi til:

FYLKESMANNEN I INNLANDET  
Live Melhus  
Lom kommune  
Nordplan AS - Vågå v/Per Ove Røe  
OLA STEINBAKKE v/Ola Steinbakke



Vår dato:

07.07.2020

Vår ref:

2020/6569

Dykkar dato:

05.06.2020

Dykkar ref:

Nordplan AS  
Vågåvegen 35  
2680 VÅGÅ  
Att. Øyvind Sødal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Olav Malmedal, 61 26 61 41

## Lom - reguleringsplan Nilsbue - merknad til varsel om start av planarbeid

Vi syner til brev av 5. juni 2020 kor det vert varsle start av arbeid med detaljreguleringsplan for Nilsbue på Fossbergom i Lom. Planområde er regulert til forretning og kontor i reguleringsplan for Ulstad/Øy frå 1985 og i gjeldande kommunedelplan for Fossbergom frå 2003 er området avsett til noverande erverv(forretning, kontor, reiseliv), verna vassdrag og vegareal.

I forslaget til revisjon av kommunedelplanen som no er på tredje gongs høyring, er området avsett til sentrumsføremål, naturområde grønstruktur, naturområde i vassdrag samt vegareal.

I vurdering av forholdet til konsekvensutgreiing har kommunen og forslagsstilla kome til at ikkje er krav om eiga utgreiing. Planen vil vera i tråd med forslaget til kommunedelplan for Fossbergom som no er på tredje gongs høyring og det har ikkje vore merknader til arealføremålet tidlegare i prosessen. Fylkesmannen er samd i dette, men det føreset at kommunedelplanen vert vedtatt før reguleringsplanen. Dersom kommuneplanen ikkje vert vedtatt først, vil reguleringsplanen ikkje vere i tråd med gjeldande plan og då slår konsekvensutgreiingskravet i KU-forskrifta § 6 1. ledd bokstav b) og vedlegg I pkt. 25 inn.

### Barn - og unge

Interessa til barn og unge blir ofte rørt ved av kommunale planer, og det er viktig at barn og unge blir hørt. Planprosessen skal organiserast slik at barn og unge i størst mogleg grad vert involvert, og vert gitt høve til å fremma sine synspunkt.

Konsekvensar for barn og unge skal vurderast i alle plan- og byggesaker. Ved fortetting er det viktig at kommunen har eit særleg omsyn til nødvendige uterom og grøntareal som må ivaretakast for at barn skal kunne utfolde seg i trygg leik i sitt nærområde.

For å sikre ein god nok kvalitet på områder for leik er det viktig å stille kvalitetsskrav bl.a. om solforhold og arealstørrelse i planføresegna, jf. pbl. § 12-7 nr. 4. Det er også viktig å utforme føresegner med rekkeføljelek av områder med konsentrert utbygnad bør stilles krav om at areal for leik og opphold ute skal være ferdig opparbeid før det vert gitt midlertidig løyve til bruk/ferdigattest for første bustad. Vi viser og til [Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen](#), og særleg til krav til fysisk utforming i kap. 5.



## Støy

Ein vesentleg del av planområdet ligg i gul, delvis raud støysone. Fylkesmannen viser til føringar i støyretningsline T-1442/2016 og ventar at desse blir følgd opp. Dersom det leggjast til rette for støyfølsame bruksføremål i støysonene må det utarbeidast ei støyanalyse for tiltaket. Denne må gje tilrådingar om kva tilpassingar og tiltak i reguleringsplanen som er nødvendige for å oppfylle føringar i nemnde retningsline. Sist men ikkje minst forventar Fylkesmannen at nødvendige tiltak på støyområdet innarbeidast i plankart og føresegner som rammer for gjennomføring av den kommande reguleringsplanen.

## Vassdrag og landskap

Tiltaket grensar inn til det varig verna Bøvre-vassdraget (VP IV). Ei smal sone mot vassdraget er i dag urørt. Elles er det tilrettelagt for tilgang til elva i planområdet og Fossbergom elles på ein gjennomgåande god måte. Elva er utnytta som eit element for oppleveling og attraksjon. Fylkesmannen forventar at dette videreførast i reguleringsplanen. Vi ventar elles at ny bygningsmasse tilpassar seg dette vassdragsbiletet og kringliggjande bygningar på ein godt gjennomtenkt måte.

## Energi

Fylkesmannen forventar at utbygginga vurderer energiløysingar utover berre å dekke varmebehovet med elektrisk energi, jf. bl.a. Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. Konkret ventar vi også ei vurdering av samla energibruk i planlagt bygningsmasse, med vekt på mogleg utnytting av bioenergi, optimal energibruk og reduserte utslepp. Vi viser her også til føringar i kommunens gjeldande kommunedelplan for klima og energi.

## Naturmangfold

Det er registrert den raudlista plantearten *hengepiggrø* (NT, nær truga) få meter frå planområdet, i ein nyare observasjon (2010). Vi er usikker på kor nøyaktig registreringa er men ventar at det blir gjort ei vurdering av m.a. dette etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

## Samfunnstryggleik og beredskap

Samfunnstryggleiks- og beredskapsmessige forhold skal takast hand om i reguleringsplanen på grunnlag av vurderingar og ein analyse av risiko- og sårbarheit, jamfør plan- og bygningsloven §§ 3-1 pkt. h og 4-3. Dette skal også omfatte klimatilpassing og konsekvensar av klimaendringar. Vi legg til grunn at analysen byggjer på Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rundskriv H-5/18-*Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling*. Analyser av risiko- og sårbarheit skal utformast i tråd med rettleiar frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap –

[Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging \(2018\)](#).

Kommunen må sjå til at planområdet er tilstrekkeleg sikra mot fare eller vesentleg ulempe, og at tiltak ikkje fører til fare eller vesentleg ulempe for anna grunn, jamfør plan- og bygningsloven § 28-1. Vi legg til grunn at føringar som er gjeve i lovverk og føresegner vert overheldt.

## Reguleringsplankart i Innlandsgis

Regionale myndigheter bruker Innlandsgis i planarbeidet. Innlandsgis blir synkronisert mot reguleringsplanar i kommunens kartløysning kvar dag. Fylkesmannen føresett at plankartet blir lagt inn i kommunens kartløysning seinast når planen vert sendt på høyring.



Med helsing

Carl Olav Holen (e.f.)  
fung. avdelingsdirektør

Olav Malmedal  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Statens vegvesen  
Lom kommune  
Innlandet fylkeskommune  
Norges vassdrags- og  
energidirektorat

Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Midtgard	2686	LOM
Pb. 4404	2325	HAMAR
Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO



## Statens vegvesen

NORDPLAN AS  
Postboks 224  
6771 NORDFJORDEID

Øyvind Sødal

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Transport og samfunn Astrid Kristiansen / 61271168 20/108639-2 07.07.2020

### Merknader ved kunngjering av planoppstart – Detaljreguleringsplan – Nilsbue i Lom kommune – PlanID 34340002

Vi viser til brev av 05.06.2020 med kunngjering om planoppstart av detaljreguleringsplan for Nilsbue i Lom kommune.

#### Bakgrunn

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for kombinert bruk med næring og offentleg/privat tenesteyting samt bustadformål for Nilsbue. Søker ønsker å etablere leilegheiter, kontorlokale, offentleg toalettanlegg, butikkanlegg m.m. innanfor planområdet.

#### Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen skal sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegenormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar, blir ivaretatt i planlegginga. Vi uttaler oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten og som statleg fagmyndighet med sektoransvar innan vegtransport.

Statens vegvesen har det generelle ansvaret for tilsyn med at trafikktryggleik og framkommeleighet blir ivareteke i transportsystemet. Det gjev oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

#### Våre innspel til planarbeidet

##### Planområdet:

Arealbruken som er foreslått er ikkje i samsvar med gjeldande kommunedelplan for Fossbergom, men samsvarer med forslag til revidert kommunedelplan som er ute til 3.gongs høyring nå.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Industrigata 1  
2619 LILLEHAMMER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

### Byggegrense langs riksveg 15:

Riksveg 15 er nasjonal hovedveg med streng haldning til nye tiltak langs vegen. Årsdøgntrafikken (gjennomsnittleg trafikkmengd pr. døgn) er 4 600 (aust for rundkøyringa) og 3 600 (nord for rundkøyringa), med 16 % lange køyretøy.

Byggegrensa, 12,5 meter fra vegen si midtline, er fastlagt i gjeldande reguleringsplan (Ulstad-Øy). Av omsyn til trafikktryggleiken er det viktig å halde på den gjeldande byggegrensa. Byggegrensa omfattar også parkering, gjerde, murar mv.

Området nærmest inntil riksvegen er sikkerheitssone. Den blir berekna ut fra trafikkmengd og fartsgrense og er her 4 meter fra veggkanten (kvit stripe.) I denne sona er det ikkje tillate med innretningar som kan vera trafikkfarlege.

### Avkørsler og parkering i planområdet

I gjeldande reguleringsplan er det vist to avkørsler, ein på vestsida og ein på søraustsida. Statens vegvesen vil gå imot bruk av avkørselen som ligg på vestsida inntil bruva over Bøvre. Avkørselen tilfredsstiller ikkje dagens krav til sikt, og vil bli krevd stengd i ny reguleringsplan. Dersom ein ønskjer å nytte plassen under dagens bygning til parkering må ein vurdere annan tilkomst.

Ein må gjere ei vurdering av behov for parkering utifra kva slags formål og verksmeder ein ønskjer i planområdet. Kommunedelplanen som er til 3. gongs høyring omtalar krav til parkering i sine føresegner og retningsliner.

### Støy:

Noko av planområdet ligg i raud støysone, ein større del ligg i gul støysone. Her må ein gjennomføre ei støyfagleg utgreiing for å sjå kva tiltak som må gjerast i samsvar med *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging - T1442 (2016)*.

Statens Vegvesen, Transport og samfunn  
Med helsing

Hans Martin Asskildt  
Seksjonssjef

Astrid Kristiansen

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
FYLKESMANNEN I INNLANDET, Postboks 987, 2604 LILLEHAMMER

INNLANDET FYLKESKOMMUNE, Postboks 4404 Bedriftssenteret, 2325 HAMAR  
Lom kommune, Sognefjellsvegen 6, 2686 LOM

Viser til varsel om oppstart av planarbeid for detaljreguleringsplan for Nilsbue i Lom kommune.

Saken berører landskapet omkring Lom stavkirke som er et automatisk fredet kulturminne som Riksantikvaren er forvaltningsmyndighet for. Fylkeskommunen må avvente behandling av saken til Riksantikvarens uttalelse foreligger. På grunn av ferieavvikling og redusert kapasitet har Riksantikvaren ikke mulighet til å komme med sin uttalelse innen oppsatt frist den 10.07.2020. Fylkeskommunen ber derfor om utsatt frist i saken til den 20.08.2020.

Med hilsen

Thea Sørensen  
Arkeolog/Konservator

TLF. 91739171



NORDPLAN AS AVD VÅGÅ  
Vågåvegen 35

2680 VÅGÅ

Deres ref:  
Øyvind Sødal

Vår ref:  
2020/38688-4  
Thea Sørensen, Ingvill Helset  
Hilde Bjørnstad, Magnhild Apeland

Dato:  
16.08.2020

## **Merknad til planoppstart - detaljregulering for Nilsbue i Lom kommune**

Vi viser til brev av 5. juni 2020 hvor det varsles om oppstart av planarbeid med detaljreguleringsplan for Nilsbue på Fossbergom i Lom.

Planområdet er regulert til forretning og kontor i reguleringsplan for Ulstad/Øy fra 1985 og i gjeldende kommunedelplan for Fossbergom fra 2003 er området avsatt til forretning/ kontor/ reiseliv, verna vassdrag og vegareal.

### **Formål**

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for kombinert bruk med næring og offentlig/privat tjenesteyting, samt boligformål.

### **Fylkeskommunens ansvarsområder**

Fylkeskommunens ansvarsområder i plansaker er kulturminner, kulturmiljø- og landskapshensyn, friluftsliv, samordnet bolig, areal og transport, kjøpesenter/ handel, universell utforming, klima, vannforvaltning, fylkesveger, barn og unges interesser, at regional planstrategi følges opp og at bestemmelser i regionale planer følges opp.

Fra årsskiftet ble drift, utbygging, planlegging og forvaltning av fylkesvegene overført fra Statens vegvesen til fylkeskommunene. Disse oppgavene utføres nå av Innlandet fylkeskommune. I tillegg til at fylkeskommunen uttaler seg som forvalter av fylkesveger, er det også et samferdselsfaglig ansvar å sørge for at regionale føringer innenfor trafiksikkerhet, samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, miljø og klima, samt tilrettelegging for gående, syklende og kollektivtrafikk, blir ivaretatt i planleggingen.

### **Bakgrunn og forhold til overordna plan**

I forslaget til revisjon av kommunedelplanen som nå er på tredje gangs høring, er området avsatt til sentrumsformål, naturområde grønnstruktur, naturområde i vassdrag samt vegareal.

Kommunen og forslagsstiller har vurdert at det ikke er krav om utarbeiding av KU. Planen vil være i tråd med forslaget til kommunedelplan for Fossbergom som nå er på tredje gangs høring og det har ikke vært merknader til arealformålet tidligere i prosessen.

Fylkeskommunen kan godkjenne at det ikke utarbeides KU, men det forutsetter at kommunedelplanen blir vedtatt før reguleringsplanen blir vedtatt. I motsatt fall vil ikke reguleringsplanen være i tråd med gjeldende plan og KU kravet vil derfor bli aktuelt, jfr KU-forskrifta § 6 1. ledd bokstav b) samt vedlegg.

## **Merknad**

### Medvirkning

Vi minner om at det i pbl § 5-1 nå er lagt større vekt på aktiv medvirkning i planprosesser. Reglene for mulighet til å fremme innsigelse er også strenge ihht Pbl. For begge disse hensynene er god og tilstrekkelig informasjon i oppstartsvarselet viktig.

Vi forventer at planbeskrivelsen gjør rede for medvirkningsopplegget og hvordan man har lagt til rette for medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging for å kunne delta. I dette tilfellet kan dette innebære bla å legge til rette for medvirkning fra barn og unge.

### Barn og unge

I henhold til pkt 5 i Rikspolitisk retningslinjer (RPR) for å styrke barn og unges interesser i planleggingen (av 1989) skal arealer og anlegg som skal brukes av barn og unge være sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare. Videre gjelder dette også tema som uteoppholdsareal/ lekeareal. Vi forventer at barn og unges interesser kommer tydelig fram i det videre planarbeidet.

### Trafikksikkerhet

Nilsbue ligger ut mot rundkjøringen i Fossbergom og er derfor noe utsatt for trafikk fra gående, syklende og kjørende. Dette krever god planlegging av gode trafikksikkerhetstiltak. Dette innebærer også parkering og biloppstillingsplasser for boende og besøkende.



Fylkeskommunen forventer at også at trafikksikkerhet er et sentralt tema i arbeidet med kommunedelplan for Fossbergom som nå er til behandling. Det er viktig at kommunedelplanen blir vedtatt før reguleringsplanen for Nilsbue blir vedtatt.

## **Kulturminnefaglige forhold**

### Automatisk fredete kulturminner

Vi kjenner ikke til automatisk fredete kulturminner innenfor planområdet og anser potensialet for funn at slike som lavt. Det er ikke behov for å gjennomføre kulturminneregistreringer i planområdet. Vi minner om at Dersom det i forbindelse med tiltak i marken oppdages automatisk fredete kulturminner som tidligere ikke er kjent, skal arbeidet stanses i den utstrekning det berører kulturminnene eller deres sikringssoner på fem meter. Det er viktig at også de som utfører arbeidet i marken gjøres kjent med denne bestemmelse. Melding om

funn skal straks sendes Innlandet fylkeskommune v/Kulturarv, jf. lov om kulturminner § 8, annet ledd.

#### *Landskapet omkring Lom stavkirke*

Planområdet ligger sentralt i Lom sentrum ved elva Bøvra med åpen siktlinje mot nordvest til Lom stavkirke og middelalderkirkegård. Vedlagte tegninger viser et relativt stort nybygg/tilbygg med store glassflater som vil ligge midt i siktlinjen fra stavkirka, og etter vår vurdering kan dette gi en uheldig og dominerende fjernvirkning i landskapet omkring Lom stavkirke.

Riksantikvaren har førstelinjeansvar for stavkirkene og kirkens omgivelser, og varsel om planoppstart har vært forelagt dem for uttalelse. Riksantikvaren varsler i sin uttalelse at de vil motsette seg en fasadeutforming slik den er vist i vedlagt tegningsmateriale. Uttalet fra Riksantikvaren er lagt til som vedlegg i sin helhet, men de viktigste punktene er gjengitt her:

*Riksantikvaren gjev med dette si uttale om det forvaltningsområde som er Riksantikvaren sitt førstelinjeansvar, som i dette høvet er:*

- *Lom stavkyrkje frå mellomalderen, automatisk freda i medhald av lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 (kml.), § 4, første ledd, pkt. a.*

*Ved tiltak i omgjevnadene til automatisk freda kulturminne skal det i medhald av kml. § 3 vurderast om tiltaket vil utilbørleg skjemme kulturminna og om det i så fall kan bli gjeve dispensasjon i medhald av kml. § 8 fjerde ledd for å gjennomføre tiltaket og eventuelle vilkår for dispensasjonen. Riksantikvaren er rette styresmakt når det gjeld automatisk freda kyrkjer.*

*Ved all planlegging av tiltak i omgjevnadane til kyrkja skal ein ta omsyn til plasseringa til kyrkja og verknaden i landskapet. Opplevinga på kyrkjestaden skal og vernast ved å unngå etablering av visuelt støyande element i nærleiken.*

*Slik Riksantikvaren les dei førebelse teikningane i planinitiativet som ligg ved varselet, er det planar om eit stort nybygg som kjem dels som erstatning, dels som tillegg til dei eksisterande bygga på tomta. Bygget er synt med store horisontale vindaugeband i to og tre etasjar rett mot stavkyrkja. Store glasflater har ein dominerande fjernverknad og kan ofte bli forstyrrende element i sårbare og verneverdige miljø. Verknaden for stavkyrkja kan bli negativ, og Riksantikvaren vil motsette seg ei slik fasadeutforming. Det store volumet på bygget er også problematisk. Vi bed om at planane vert utvikla vidare på ein slik måte at prosjektet får ein meir dempa verknad mot stavkyrkja.*

Fylkeskommunen ber om at det i det videre planarbeidet legges vekt på at ny bebyggelse får en mer dempet utforming for å unngå at tiltaket gir en uheldig virkning for stavkirkens omgivelser, og at det også legges vekt på å få en god tilpasning til øvrig bebyggelse i området. Det bør gjøres en nøye vurdering både av størrelse på bygningsvolum og hvordan fasadene skal utformes.

#### Vassdrag

Planområdet omfatter deler av Bøvre, som er et verna vassdrag. Det er i dag ei smal sone mot vassdraget som er urørt. I Fossbergom er det generelt tilrettelagt for tilgang til elva på en gjennomgående god måte. Nedenfor Nilsbue er det ikke tilgang til Bøvre.



Ifølge planinitiativet vil ikke planlagte tiltak ha konsekvenser for vassdraget. I kommunedelplan for Fossbergom, som nå er på 3. gangs høring, er områdene langs vassdraget avsatt som grønnstruktur, og selve vassdraget som bruk og vern av sjø og vassdrag. Fylkeskommunen mener detaljreguleringsplanen for Nilsbue må videreføre det som kommunedelplanen legger opp til, og at det knyttes bestemmelser til arealformålene som sikrer både ivaretakelse av kantvegetasjon og vassdraget. Fylkeskommunen forventer at ny bygningsmassen tilpasses seg forholdet til elva og den omkringliggende bygningsmassen på en god og gjennomført måte.

#### Universell utforming

Det vises til plan- og bygningslovens § 12-7 punkt 4 som gir kommunen/ forslagsstiller muligheten til å gi bestemmelser til en reguleringsplan om funksjons- og kvalitetskrav til bl.a. bygninger og uteareal. Dette er spesielt viktig å bygge universelt i sentrumsnære områder og kommunen bør derfor ha et eget punkt om dette i bestemmelsene. Dette er boliger midt i sentrum og det vil da være naturlig at de/ en prosentandel utbygges universelt for å møte det behovet som de demografiske framdrivingene tilsier. Fylkeskommunen forventer at dette utdypes nærmere i det videre planarbeidet. Planarbeidet bør også omfatte vurderinger i forhold til universell utforming og tilgjengelighet for alle. Utfyllende regler for å sikre at adkomst til boligene, utearealer som gangstier, veier, adkomster og uteoppholdsområder utformes universelt bør tas inn i bestemmelsene ihht regler i TEK 17 § 8-2 og Miljøverndepartementets rundskriv *Tilgjengelighet for alle*.

#### Samferdselsfaglige forhold

Fylkeskommunen har ingen samferdselsfaglige merknader til dette planforslaget.

Med vennlig hilsen

Kristin Røyen Reithaug  
Seksjonssjef, plan  
Samfunnsutvikling

Kristin Loe Kjelstad  
Fylkeskonservator/ Seksjonssjef  
Kulturarv

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.*

Fra: Sørensen, Thea[thea.sorensen@innlandetfylke.no]

Sendt: 20.08.2020 08:08:36

Til: Apeland, Magnhild Bergljot[magnhild.bergljot.apeland@innlandetfylke.no]

Tittel: VS: Nilsbue AS - Fossbergom - 70/2 og del av 162/22 - Ved Lom stavkirke - Innspill til varsel om oppstart av reguleringsplan

---

Med vennlig hilsen

**Thea Sørensen**

Konservator

Kultur

MOBIL: +47 902 45 479



---

**Fra:** Magerøy, Ingeborg <ingeborg.mageroy@ra.no>

**Sendt:** onsdag 19. august 2020 23:47

**Til:** Post Innlandetfylke <post@innlandetfylke.no>

**Kopi:** Sørensen, Thea <thea.sorensen@innlandetfylke.no>; Veiby, Linda <linda.veiby@ra.no>; Holm, Ingunn <ingunn.holm@ra.no>; Ibenholt, Harald <harald.ibenholt@ra.no>

**Emne:** Nilsbue AS - Fossbergom - 70/2 og del av 162/22 - Ved Lom stavkirke - Innspill til varsel om oppstart av reguleringsplan

Vi syner til oversending av varsel om oppstart av detaljregulering for Bergomsvegen 17 - Nilsbue - i Lom kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for kombinert bruk med næring og offentleg/privat tenesteyting, samt bustadføremål. Planområdet ligg sentralt i Lom sentrum attmed elva Bøvra og med open siktline mot nordvest til Lom stavkyrkje og mellomalderkyrkjegard.

Fylkeskommunen er delegert ansvaret som kulturminnestyresmakt i plansaker etter plan - og bygningslova, og skal gi ei samla uttale for heile kulturminneforvaltninga. Vi bed om at følgjande merknad vert innarbeidd i fylkeskommunen si uttale:

Riksantikvaren gjev med dette si uttale om det forvaltningsområde som er Riksantikvaren sitt fyrstelinjeansvar, som i dette høvet er:

- Lom stavkyrkje frå mellomalderen, automatisk freda i medhald av lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 (kml.), § 4, første ledd, pkt. a.

Ved tiltak i omgjevnadene til automatisk freda kulturminne skal det i medhald av kml. § 3 vurderast om tiltaket vil tilbørleg skjemme kulturminna og om det i så fall kan bli gjeve dispensasjon i medhald av kml. § 8 fjerde ledd for å gjennomføre tiltaket og eventuelle vilkår for dispensasjonen. Riksantikvaren er rette styresmakt når det gjeld automatisk freda kyrkjer.

Ved all planlegging av tiltak i omgjevnadane til kyrkja skal ein ta omsyn til plasseringa til kyrkja og verknaden i landskapet. Opplevinga på kyrkjesteden skal og vernast ved å unngå etablering av visuelt støyande element i nærleiken.

Slik Riksantikvaren les dei førebelse teikningane i planinitiativet som ligg ved varselet, er det planar om eit stort

nybygg som kjem dels som erstatning, dels som tillegg til dei eksisterande bygga på tomta. Bygget er synt med store horisontale vindaugeband i to og tre etasjar rett mot stavkyrkja. Store glasflater har ein dominerande fjernverknad og kan ofte bli forstyrrende element i sårbare og verneverdige miljø. Verknaden for stavkyrkja kan bli negativ, og Riksantikvaren vil motsette seg ei slik fasadeutforming. Det store volumet på bygget er også problematisk. Vi bed om at planane vert utvikla vidare på ein slik måte at prosjektet får ein meir dempa verknad mot stavkyrkja.

Venleg helsing

**Ingeborg Magerøy**

seniorrådgjevar

Kulturminneavdelinga

**Riksantikvaren**

Tlf.: +47 982 02 837

[www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)

